

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ - endra innleiing før punkt 1

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at avvika vert lukka og at det vert sett i verk tiltak for å:»

Pauline Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 14

Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV, mellom anna med mål om å redusere byråkratiet for den enkelte pasient. Rutinane skal leggjast fram til politisk handsaming.»

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, FNB, H, SP, V, U fram slikt forslag:

«Tillegg

16. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie ei sak der ein vurderer korleis ein best følgjer opp St.meld 35 (2006-2007) om betre fordeling av tannlegar og tannlegespesialistar for Vestland fylke.»

Avrøysting

Innstillinga utan innleiing før punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FRP- Hogne Bleie).

Brosvik sitt forslag fekk 30 røyster (SP, FNB, H, KRF, V) og fall.

Det var ikkje røysta over innstillinga si innleiing før punkt 1.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at avvika vert lukka og at det vert sett i verk tiltak for å:

1. Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar
2. Prioritere å revidere samarbeidsavtalane med barnevern og statlege asylmottak
3. Evaluere om samarbeidsavtalane fungerer som føreset, inkludert evaluere om avtalane er tilstrekkeleg tydeleg for dei partane som skal bruke dei
4. I større grad kunne gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til personar med ruslidingar og eldre, langtidssjuka og uføre i heimepleie
5. Sørgje for at tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbod) og tilbod til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til pasientar i prioriterte grupper
6. Vurdere om det er behov for tiltak knytt til at nokre tilsette opplever at dei ikkje har ressursar til å gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet
7. Sørgje for at rutinar for journalrevisjon blir gjort kjent for og følgt av alle tannklinikkane
8. Utarbeide oversikt over kva tilleggskompetanse som finst på tannklinikkane, slik at kompetansen ved behov kan nyttast på tvers
9. Etablere eit system for å halde oversikt over klager innan tannhelsetenesta for å vere kjend med talet på klagar og for å nytte desse i forbetningsarbeid på tvers av tannklinikkane
10. Vurdere om det er behov for retningslinjer og meir informasjon om tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (både pasientretta informasjon og retningslinjer til internt bruk)
11. Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørgje for at:
 - a. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet

- b. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
 - c. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing
 - d. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer
12. Sørgje for at det blir utarbeidd realistiske budsjett for tannhelsetenesta, mellom anna ved å:
- a. utarbeide skriftlege rutinar for budsjettprosessen, som beskriv kva forhold som skal vurderast, kven som skal involverast, kva tidspunkt ulike aktivitetar og oppgåver skal gjennomførast og kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene i prosessen
 - b. identifisere og dokumentere kva tiltak som er nødvendig for å lukke budsjettavviket ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVestland)
 - c. utarbeide realistiske og korrekte budsjett for alle relevante nivå av tannhelsetenesta der alle kjente inntekter, utgifter og kostnadsdrivarar blir vurdert og tatt omsyn til
 - d. innføre kvalitetssikringstiltak av budsjetta
 - e. vurdere om klinikkleiarar bør ha ei større rolle i utarbeiding av budsjett for tannklinikane
 - f. etablere betre system for økonomirapportering for alle relevante nivå av verksemda som gjer det mogeleg å setje i verk tiltak undervegs i året ved avvik frå budsjett
13. Sørgje for at føring av rekneskapen blir gjort i samsvar med forskrift om føring av adskilde rekneskap, og under dette også:
- a. Få oversikt over konkurransesituasjonen i dei områda fylkeskommunen tilbyr tenester til betalande pasientar, inkl. vurdere om TkVestland er i konkurranse med private tilbydarar
 - b. Vurdere å gjere fordelinga av inntekter og utgifter for tenester til prioriterte pasientar og betalande pasientar oftare enn berre ved årsslutt, til dømes tertialvis, slik at det undervegs i året er mogeleg å setje i verk tiltak ved risiko for kryssubsidiering
14. Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV, mellom anna med mål om å redusere byråkratiet for den enkelte pasient. Rutinane skal leggjast fram til politisk handsaming.
15. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2021 for punkt 11 og innan 01.10.2021 for øvrige punkt, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.